

Referat frå Årsmøte/Folkemøte i Vats Grendeutval

Onsdag 21.11.12 i Vindafjordhallen kl 19:00

Frå styret møtte: Jon Olav Velde, Kristin Ove Skare, Alf Egil Vaula, Anne Nesheim Myhre, Severin Fatland, Hilde Fadnes Hølland

Frå bygda møtte: Ca 76 personar

Jon Olav Velde leia årsmøte/folkemøte.

Sak 1. Veg- og gatenamn

Prosjektlear Berit Hetland frå Vindafjord Kommune orienterte om korleis ein jobbar med adresseringsprosjektet. Prosjektgruppa består av ein leiar og to personar frå teknisk forvaltning. Alle vegar, alt frå kommunale til private vegar, skal få namn og få husnummer. Industri/offentlege bygg og hytter skal også nummererast. Naust gjeld ikkje. Alt skal skiltast så det må også lagast ein skiltplan.

Ein del utfordringar knytter seg til dette prosjektet. For eksempel må vedtatt namn frå tida kor Ølen og Vindafjord var eigne kommunar, sjåast på nytt då det ikkje er enkelt å bruka dei i dag. Nokre namn blir vidareført der det er naturleg å ha same namn. Namn på E134 vil vera ei utfordring sidan denne kjem frå Haugesund og gjennom Tysvær og dei har kvar sine namn. Kva skal me i Vindafjord kalla denne vegen? Kom gjerne med forslag til namn..

Prosjektgruppa brukar nokre prinsipp for å utføre dette arbeidet. Det er kantprinsipp, avstandsprinsipp og områdeprinsipp. Når det gjeld avstandsprinsipp legg ein vekt på å ha litt lange trasear utan å dela vegen opp med mange ulike namn t.d. Saudavegen som får same namnet frå Knapphus og heilt fram til Ropeid.

Kvifor ein skal ein adressera? Hovudårsaka er at utrykningskøyretøy og folk flest lettare skal finna fram. Det endelege arbeidet med skilting skal gjerast på den måten at når namna er på plass, gjer ein seg ferdig med bygd for bygd. Prosjektgruppa vil prøve så godt det lar seg gjera å ta vare på gamle namn. Har du for eksempel eit gamalt gardsnamn, så kan du søkje om å få dette med i adressa. Prosjektgruppa har også vært i kontakt med lokale folk og grendautval for å få innspel til namn.

Om ein syns at nummereringa er gal, så kan ein klage, men berre om "ringeklokka" er på feil veg.

Namn på fylkesvegar i Vindafjord er nå sendt ut på høyring, bla til Vats Grendautval. Frist for tilbakemelding er sett til 21. desember d.å.

Til slutt så oppfordra Berit Hetland oss om å koma med innspel til namn.

Sak 2. Altibox

Frå Haugaland Kraft møtte salgsansvarleg Asbjørn Espetvedt. Han innleia møtet med å seia at det ikkje var planar om å leggja fiberkabel til Altibox i Vats med det fyrste. Han hadde ein presentasjon som viste alle dei flotte finessane og hastigheita eit slikt tilbod har. Det er uante

moglegheiter innan den digitale dataverda. Mange i salen gav uttrykk for at dei ville gjerne få dette unike tilbodet i Vats også.

I snitt kostar det 25000 kr pr husstand i anleggskostnader å få Altibox. Ved fiberkabel aukar ein hastigheita enormt. Ved fiberkabel blir ein ikkje påverka av andre brukarar.

Altibox leverer og alarmutstyr. Du treng ikkje ha Altibox for å kunne få denne alarmen.

Til slutt oppfordra Espetvedt alle som er interessert i Altibox å gå inn på Haugnett.no for å vise interesse for produktet der ein bur.

Sak 3. Sykkel- og gangsti Knapphus til Kårhus

Hildbjørg Fludal som er leiar for kommunal tekniske tjenester i kommunen, fortalde litt om status på dette prosjektet. For å få fortgang i prosjektet, må ein reguleringsplan lagast. Jon Olav kunne opplysa om at det er samla inn pengar både frå private og frå kommune og fylke – det er nå vel 400 000 kr som er øyremerkte til reguleringsplanen på denne vegstrekninga. Trafikksikringsplanar er og laga, noko som er ein del av grunnlaget for dette arbeidet.

Sykkel- og gangstien blir lagt på vestre side av vegen så for dei som eig og bur der må det avgis grunn.

Sak 4. Tiltaksplanar for Vatsvassdraget

Koordinator i prosjektet for Vatsvassdraget, Harald Velde, hadde ei god orientering om tiltaksplanar for å betra vasskvaliteten i vassdraget. Han snakka om kor viktig det er for bøndene med meir nøyaktig gjødsling, om dei positive gevinstane renseparkar/falldammar har på vatnet. Han minna om at alle må passa på avrenninga frå gjødselskummar og private kloakkanlegg. I prosjektgruppa sit bondelaget, grunneigarlaget, Haugaland landbruksrådgjeving, Vindafjord kommune si landbruksavdeling og grendautvalet. Det er skrive miljøretta gjødselavtalar med dei fleste bøndene nå og avtalar om 3-4 renseparkar + at det ligg fleire renseparkar på vent. I vinter vart det gjort opprenskingsarbeid i Åmselva frå Kårhus og nedover. Dette arbeidet var naudsynt for å få ei raskare tømning av Vatsvatnet.

Jon Olav orienterte også om desse sakene:

Kunstgrasbane i Vats

Arbeidet med kunstgrasbane er godt i gang. Denne skal erstatta grasbanen. Det er Bjarne Nordtveit som har hovedentreprisen på prosjektet. Banen skulle vore ferdig i haust, men p.g.a. veret, blir ikkje banen ferdig før april 2013. Kostnadane for dette prosjektet er sett til 6,9 mill.kr. Banen får ein storleik som er godkjent fotballkampar i eliteseren. Det er også planlagt garderobeanlegg i tilknytning til banen. Det blir montert 6 store lysmaster rundt banen. Hatteland er hovudsponsor og banen vil få namnet «**Hatteland stadion Vats**»

Kyrkjelydhus i Vats

Det er planlagt nytt kyrkjelydshus på ei tomt mellom kyrkja og Vindafjordhallen. Grunneigar av tomta er villig til å selje. Søknad for byggjetilatelse og teikningar av huset er sendt via soknerådet til både bispedømmerådet og riksantikvaren. Desse skal sjå på dette og koma

med uttale før arbeidet kan realiserast. Det må også skaffast pengar til tomtekjøp via givarteneste. Kontaktmann er Jostein Sørhus som de kan få bankkontonr. av.

Vats Musikkorps

Korpset blei lagt ned tidleg i år av ulike grunnar. Det er nå starta opp igjen til stor glede for alle. Også her trengs det eldsjeler og god dugnadsånd for å drifta dette vidare. Det trengs folk til dugnad så det er bare til å melde seg.

Døldarheia vindkraftpark

Døldarheia vindkraftpark planlegg 33 vindmøller med årleg produksjon på om lag 320 GWh som vil gi straum nok til 16 000 husstander. Prosjektet har ein lang prosess. I januar 2012 blei det lagt fram ei konsekvensutgreiing og saka er lagt ut til høyring. Det er laga eit visuelt bilete av vindmøllene frå ulike stader som vart presentert i fjor på folkemøtet. I 2013 blir det ei formell investeringsgjennomgang. Det er sendt konsesjonsøknad til NVE. Det vil bli eit nytt informasjonsmøte om dette når NVE har handsama søknaden. Til våren blir det sett opp ei testmast på Døldarheia.

Demontering av lastebøya frå Staffjord C i Yrkesfjorden

Evy Lærdal frå AF Miljøbase på Raunes var tilstades på møte og svarte på spørsmål frå salen.

Dette prosjekt har vore mykje i media i det siste. Under arbeidet med demonteringa av lastebøya kom det eit utslepp av olje i fjorden. Utsleppa blei ikkje oppdaga med det same sjølv om det var vaktar tilstades. Utsleppa blei oppdaga av ein fiskar. Det viste seg at det var meir olje i eit kammer nedst i foten på bøya tiltross for at alt skulle ha vært fjerna før det kom til Vatsfjorden. Alt av avfall og oljerester er nå kartlagt og det er ikkje noko indikasjonar på at det skal vær ein fare for miljøet. Evy Lærdal kunne forsikra alle om at arbeidet blei gjort etter godkjende planar og har vore vellukka så langt. Ho kunne sjølv sagt ikkje garantera 100 % sikkert at ikkje uhell kan skje, men dei har stort fokus på at ikkje forureining skal skje.

Nye innbyggjare

Jon Olav oppfordra alle til å ta godt i mot dei nye framandarbeidarane som er komne til Vats og er blitt nye Vindafjordingar. Mange av dei har born i skulealder og blir engasjerte gjennom borna. Dett er særst viktig at desse blir integrert på ein god måte , for mange av desse er ressurspersonar med god kompetanse på ulike felt som både dei og me kan ha nytte og glede av i ulike samanhengar.

Turstiprosjekt.

Dette er eit prosjekt som har pågått i 3 år i kommunen og har involvert alle dei 9 bygdene. Jon Olav har hatt ansvar for å laga turstiar i Vats. Han har gjort eit fantastisk arbeid med å leggja til rette for at folk skal få koma seg ut i naturen på ein god og trygg måte. I Vats er det gjort avtalar grunneigerar om 9 parkeringsplasser der det står m/info.tavler. Stiane er rydda, merka og skilta slik at alle kan lett finna fram. På vatsnett.com ligg opplysningane om alle turane. Jon Olav er interessert i namn på stadar langs med vegane, så kan du hjelpe til her, må du ta kontakt med han.

Turstiane trengs å haldast vedlike. Det er gjort avtalar med speidarane om å halda turstiane i Øvre Vats vedlike og med 4H-klubben «Freidig» for stiane i Nedre Vats. Dei vil få økonomisk kompensasjon for dette arbeidet.

Jon Olav fekk ståande applaus for dette arbeidet.

Vatsnett.com

Jon Olav takka Bjørn Morten Stokka for dugnadsarbeidet han gjer med å drifta heimesida - vatsnett.com og oppfordra dei som driv lag og foreningar og andre til å bruke sida aktivt og og senda inn opplysningar, aktivitetar og bilete eller koma med innspel.

Årsmøtesakar:

Vedtekter for Vats Grendautval

For at Grendautvala skal bli ein formel høyringsinstans og få støtte frå kommunen, måtte det laga nye vedtekter for Grendautvalet. Dei nye vedtektene vart lagt fram og godkjent av årsmøtet utan merknad. Sjå disse på vatsnett.com

Årsmelding og rekneskap 2012

Årsmelding og rekneskap vart lagt fram og godkjent utan merknad. Grendautvalet har hatt eit aktivt år og teke opp mange saker for bygdefolket i Vats. 6 styremøte, 51 saker og 15 særutskrifter om ulike saker. Det har og vore mange møte med ulike instansar – dette fortel om eit aktivt utval. Grendautvalet har bl. a. arbeidd mykje for veglys, sykkel- og gangvegar, farlege vegkryss i bygda m.m. Sjå vatsnett.com – her kan de les disse.

Val

Jon Olav Velde går av som leiar. Styremedlemmene Kristin Ove Skare og Anne Nesheim Myhre går også ut. Jon Olav takka for engasjementet og for godt samarbeid. Severin takka på vegne av styret, Jon Olav, for eit godt leda Grendautval og eit fantastisk engsjement.

Det nye styret i Grendautvalet: Hilde Fadnes Hølland, Alf Egil Vaula og Severin Fatland står frå før. Oddny Blikra, Steinar Sørhus og Karin Dyrland Frøland er nye.

1. og 2. varamedlem: Magne Skrunes 1. v.m. Per Fatland 2. v.m. begge tok attval.

Revisor: Haldor Skare tok attval som revisor.

Valnemd: Bjørn Morten Stokka går ut av valnemda, Gro Karin Velde, leiar, 1 år att Ingunn Skåsheim Ohm, 2 år att. Anne Nesheim Myhre er ny, vald for 3 år.

For Vats Grendautval, 25.11.12

Hilde Fadnes Hølland

-skrivar-